

Skiftar bryggje og ynskjer vertskap



Hans Tveit frå Strandvik i Fusa legg til i Uskedalen i ettermiddag og vert motteke av Kåre K. Rød

Det er førebels stille i båthamna, idag er det til dømes berre 6 gjestebåtar. Men etterkvart tek nok trafikken seg opp og då er det viktig at vertskapet fungerer. Fjorårets hamnevert Kåre K. Rød skal sjølv ut på bøljan blå og nokon erstattar har leiinga ikkje funne så langt. Derfor fungerer leiaren Trond Lekva Myklebust og tidlegare vert Johan Sunde inntil vidare men dei etterlyser frivillige som kan overta. Dei ynskjer 4 som kan dela på jobben og sjå til at alt fungerer i den trivelege hamna.



Mange gjestebåtar er det ikkje førebels

Ei stor oppgåve som ventar på løysing snart er utskifting av indre flytebrygge.

Denne er truleg rundt 30 år gamal og rustproblema er betydelege. Oppgåva er derfor påtrengjande. Det er tale om ein millioninvestering og det vert naudsynt å ta ein tur i banken for å få fullført finansieringa, opplyser leiar Myklebust.

Utskiftinga vil ikkje skje før til hausten.

Den nye bryggja får den same kapasiteten som den gamle.

Utviding og opprusting

av huset til båtlaget, vert ikkje aktuell fordi årsmøtet avviste det.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Denne flytebyggja skal skiftast ut